

Hingardslåtten

Fele 1.

Knut Fylling
arr. Sigurd Stene

The musical score consists of ten staves of music, each with a treble clef and a key signature of one sharp (F#). The time signature is 4/4. The score includes various chords and rhythmic patterns:

- Staff 1: Chord G, triplet of eighth notes, triplet of eighth notes.
- Staff 2: Chord D7, triplet of eighth notes, triplet of eighth notes.
- Staff 3: Triplet of eighth notes, triplet of eighth notes, Chord G, triplet of eighth notes.
- Staff 4: Triplet of eighth notes, triplet of eighth notes, triplet of eighth notes, triplet of eighth notes.
- Staff 5: Chord C, triplet of eighth notes, triplet of eighth notes, Chord G, triplet of eighth notes.
- Staff 6: Chord D7, triplet of eighth notes, triplet of eighth notes, triplet of eighth notes, triplet of eighth notes.
- Staff 7: Chord C, triplet of eighth notes, Chord D7, triplet of eighth notes, Chord G, triplet of eighth notes.
- Staff 8: Triplet of eighth notes, triplet of eighth notes, Chord C, triplet of eighth notes, triplet of eighth notes.
- Staff 9: Chord D7, Chord G, triplet of eighth notes, triplet of eighth notes.

Reinlender w Kvæt Fylling

Nedtegnat af Sigurd Ster

The musical score is written on seven staves. The first staff begins with a treble clef, a key signature of one sharp (F#), and a 4/4 time signature. The melody consists of eighth and quarter notes. The second staff continues the melody, featuring a 'D7' chord marking below the staff. The third staff includes a 'G' chord marking. The fourth staff has a 'D7' marking. The fifth staff has a 'D7' marking. The sixth staff has a 'D7' marking. The seventh staff concludes the piece with a 'D7' marking. The notation includes various rhythmic values, accidentals, and dynamic markings.

Orientering om Reinlender komponert av Knut Fylling

Etter det ein kjenner til komponerte Knut Fylling frå Fiksdal ein reinlender da han var ute på Aukra og arbeidde ein gang i tida 1940-45. Knut Fylling spela fele «titi eiga gleden» Denne slåtten vart innan slekta kalla for «Hingardslåtten». Knut Fylling spela ikkje etter notar, og slåtten vart av den grunn heller ikkje skrivi ned.

Da eg kom inn i familien i 1956 lærde eg etter kvart melodien slik Knut spela han. Eg fekk lyst å skriva den ned på notar. Eg var ingen «kløffar» i notekunsten, men skrivi den likevel ned og tok notane med til Trøndelag da vi flytta hit. For å vera sikker på at dei var noko lunde rett skrivi fekk eg ein svært notekyndig spelmann her, Sturle Hallås, til å spela slåtten og fann den brukbar.

Sturle Hallås spela på den tida saman med den kjende felespelmannen, Hilmar Alexandersen, og dei to spela inn slåtten på fele med pianoakkompagnement til folkemusikkhalutimen i NRK. Slåtten vart da diverre kalla for «Reinlender etter Olaf Næss i Beitstad». Dette tok eg opp med NRK både skriftleg og muntleg pr. telefon, der eg poengterte at det var ein slått av Knut Fylling.

Omsider vart dette retta opp da NRK katalogiserte melodiane frå folkemusikkhalutimen. Og jammen vart slåtten gitt ut på CD nr 9 fra Graffa Musikkforlag A. S. med rett komponist. Tittelen på CD'n var diverre «Folkemusikk frå Trøndelag», og melodien står som nr. 38. Slåtten burde sjølsagt vore teken med i ein CD med «Folkemusikk frå More og Romsdal».

Seinare har Norild Forlag A. S. på Sjøholt laga ein CD for toradergruppa Jotullaget sist i nittiåra. Det er Norild-CD 163. Tilfeldig kom vi over denne CD'n og kjøpte den. Der er reinlenderen tatt med som slått nr. 10, og der går det fram at Jotullaget har lært slåtten frå eit opptak med felespelaren Hilmar Alexandersen og organisten Sturle Hallås med tittelen «Reinlender etter Hilmar Alexandersen». Tydelegvis frå same CD'n som er nemt ovafor.

Som de ser har melodien fått ymse opphav, og eg var i lang tid lei for at eg lånte bort notane til Sturle Hallås. Men omsider er alt retta opp. Innspelingane er likevel ikkje heilt korrekte, men eg sender med eit kopi av dei notane eg laga i 1950-åra, og som vart nytta da dei lærte melodien for å spela den inn for folkemusikkhalutimen i NRK.

7730 Beitstad 9. april 2000.

Sigurd Stene